



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Formannskapet
Møtestad	Kommunestyresalen
Dato	20.05.2026
Tid	Kl. 09:00 - 10:30

Følgjande medleamar møtte	Frå
Arnar Hans Kvernevik	AP
Beate Dybendal Nordvik	H
Jan Ove Rygg (p)	H
Karoline Aldis Bjerkeset	SP
Mariel Eikeset Koren	MDG
Per Jarle Myklebust	SP
Reidar Moldestad	H

Forfall/møtte ikkje	Frå	Følgjande varamedlem møtte	Frå
Hege Lothe	SV	Bernt Reed (p)	SP
Ragne Mari Røed Kandal	KRF	Per Ståle Husevåg	KRF

Andre som møtte

Anders Skipenes, kommunedirektør i alle saker
Benedicte Moritsgård Refvik, økonomisjef i sak 039/26
Geir Liavåg Strand, organisasjonssjef i alle saker
Odd Arne Kolseth, prosjektleiar ved eigedomsavdelinga i sak 039/26
Torbjørn Brandsæter, Kommunalsjef samfunn og berekraft i sak 039/26

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Per Jarle Myklebust	037/26	,	§6e 2. ledd i forvaltningslova.

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
034/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
035/26	Referat og orienteringssaker
036/26	Firda Billag AS - Orientering etter generalforsamlinga 6. mai 2026
037/26	Gloppen Energi AS - Tilbakemelding vedr. fallrettar
038/26	Sal av areal i Byrkjelo sentrum ved Myklebustdalselva - Godkjenning av avtale
039/26	Fråsegn om standarden på eksisterande E39 ved Gullkista

034/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Ordføreren si tilråding:

1. Formannskapet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Formannskapet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Formannskapet 20.05.2026:

Behandling

Det vart samrøystes vedteke å behandle uttalen om Gullkista som vedtakssak.

FOR- 034/26 Vedtak

1. Formannskapet godkjenner møteboka frå siste møte
2. Formannskapet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Vedtaket var samrøystes.

035/26: Referat og orienteringssaker

Formannskapet 20.05.2026:

Behandling

Framlegg til fråsegn om Gullkista (Sp), framlegg frå Karoline Aldis Bjerkeset, Senterpartiet
Formannskapet i Gloppen syner til hendinga i Gullkista 12. mai der ein nok ein gong var vitne til korleis standarden på eksisterande E39 skapar farlege situasjonar og lammar både nærings- og persontransport gjennom kommunen. Strekninga er sterkt trafikkert og har ein ÅDT på 2430 (2025-tal).

Standarden på E39 gjennom Gloppen, Sandane-Byrkjelo, er blitt løfta kommunalt, regionalt og nasjonalt ved fleire høve gjennom mange år og det er tidlegare sett av midlar til planlegging av strekninga under eitt. Statens vegvesen (SVV) har seinare har delt opp prosjekta på grunn av pengemangel, noko formannskapet finn merkeleg når SVV sjølv har prioritert strekninga tidlegare. Formannskapet vil peike på at SVV nyttar betrakteleg meir midlar på planlegging av andre prosjekt som har ein langt meir uavklara status enn strekninga E39 Sandane-Byrkjelo. Framleis er ikkje reguleringsplanen for Gullkista ferdig.

Formannskapet i Gloppen forventar at reguleringsplanen for Gullkista snarast vert sendt ut på høyring slik at ein kjem vidare med prosjektet og at utbetringa av denne flaskehalsen kan starte og at planlegging av Eide-Jarbrugda også kjem i gong. Formannskapet i Gloppen peikar også på at det er viktig at handtering og bruk av masse i samband med utbetring av Gullkista, kan kome andre viktige prosjekt i området til gode. Formannskapet i Gloppen vil understreke på behovet for tett og god dialog med Statens vegvesen slik at anna naudsynt planarbeid både frå Gloppen kommune og SVV si side kan vere koordinert og sørge for at massar frå Gullkista kan nyttast til samfunnsnyttige føremål og spare offentlege kostnader.

Kommunedirektøren orienterte kort om KLP - Eigarskap og berekraftsrapport 2025.

Ordet fritt:

Karoline Bjerkeset (Sp) tok opp spørsmål om Gullkista og la fram forslag til uttale til formannskapet. Det vart vedteke å ta uttalen opp som eiga sak i dette møtet og til endeleg behandling på kommunestyremøtet 27. mai 2026.

Reidar Moldestad (Sp) tok opp spørsmål om forureining og korleis meldingar om dette vert behandla av kommunen.

FOR- 035/26 Vedtak

Det vart vedteke å løfte fråsegna om Gullkista til ei eiga vedtakssak.

Vedtaket var samrøystes.

036/26: Firda Billag AS - Orientering etter generalforsamlinga 6. mai 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

Formannskapet 20.05.2026:

Behandling

Karoline Bjerkeset (Sp) ba om å få vurdert sin habilitet då ho er gift med styremedlem i Firda Billag. Etter ei konkret vurdering av innhaldet i saka vart det samrøystes vedteke at Karoline er habil i saka. Varaordførar Jan Ove Rygg (H) orienterte frå generalforsamlinga.

Tilrådinga frå Kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 036/26 Vedtak

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

Vedtaket var samrøystes.

037/26: Gloppen Energi AS - Tilbakemelding vedr. fallrettar

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen kommune støttar styret sitt arbeid med å sikre best mogleg dokumentasjon av fallrettane som ligg i Gloppen Energi AS.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Per Jarle Myklebust		§6e 2. ledd i forvaltningslova.

Formannskapet 20.05.2026:

Behandling

Per Jarle Myklebust (Sp) tok opp sin habilitet då han er styreleiar i Gloppen Energi as. Det vart samrøystes vedteke at Per Jarle var inhabil etter forvaltningslova §6e 2. ledd. Tilrådinga frå Kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 037/26 Vedtak

Gloppen kommune støttar styret sitt arbeid med å sikre best mogleg dokumentasjon av fallrettane som ligg i Gloppen Energi AS. Vedtaket var samrøystes.

038/26: Sal av areal i Byrkjelo sentrum ved Myklebustdalselva - Godkjenning av avtale

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet godkjenner avtale mellom Gloppen kommune og Kleppe Eigedom AS om sal av eigedom gbnr. 92/130, slik det går fram av vedlagt avtale.

Formannskapet 20.05.2026:

Behandling

Gloppen Sp, framlegg frå Per Jarle Myklebust, Senterpartiet
Avtalen må inneholde eit punkt som presiserer at Gloppen kommune framleis skal ha fallrettane i elva på den aktuelle elvestrekninga.

Per Jarle Myklebust (Sp) la fram sitt endringsforslag.
Kommunedirektøren orienterte om at det ikkje ligg tinglyste fallrettar til denne eigedommen.
Tilrådinga frå kommunedirektøren med tilleggsforslaget frå Per Jarle Myklebust (Sp) vart samrøystes vedteke.
Møtet vart så lukka ism kommunelova §11-3, ref offentleglova §23.

FOR- 038/26 Vedtak

Formannskapet godkjenner avtale mellom Gloppen kommune og Kleppe Eigedom AS om sal av eigedom gbnr. 92/130, slik det går fram av vedlagt avtale.
Avtalen må inneholde eit punkt som presiserer at Gloppen kommune framleis skal ha fallrettane i elva på den aktuelle elvestrekninga.
Vedtaket var samrøystes.

039/26: Fråsegn om standarden på eksisterande E39 ved Gullkista

Kommunedirektøren si tilråding

Gloppen kommunestyret vedtek fråsegna om standarden på eksisterande E39 ved Gullkista slik den ligg føre.

Formannskapet 20.05.2026:

Behandling

Saka vart tatt opp under referat og orienteringssaker og det vart vedteke å lage ei eiga vedtakssak til

behandling i Formannskapet 20.05.2026 og i Kommunestyret 27.05.2026.

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 039/26 Vedtak

Gloppen kommunestyret vedtek fråsegna om standarden på eksisterande E39 ved Gullkista slik den ligg føre.

Vedtaket var samrøystes.